



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 12

(2008–2009)

---

## Om lov om endringar i lov om erstatning frå staten for personskade valda ved straffbar handling m.m. (valdsoffererstatningslova)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 14. november 2008, godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### **1 Proposisjonens hovudinnhald**

---

Justisdepartementet legg med dette fram forslag om å oppjustere den øvre grensa for utbetaling i valdsoffererstatningslova frå 20 gonger grunnbeløpet i folketrygda til 40 gonger grunnbeløpet i folketrygda. Forslaget vil betre situasjonen både for dei valdsutsette som er fornærma i strafferettsleg forstand og for dei etterlatne der erstatningsutbetalinga blir delt mellom fleire.

Proposisjonen er ei oppfølging av justisministerens uttale i samband med Stortingets behandling av St.prp. nr. 1 (2007-2008), budsjettdebatten, om at han ville komme tilbake til forslaget om endringar i valdsoffererstatningslova § 11 om valdsoffererstatningas øvre grense.

Justiskomiteen har i Innst. O. nr. 25 (2007-2008) uttalt at føresegna om den øvre grensa i valdsoffererstatningslova kan verke urimeleg i enkelte tilfelle, for eksempel når det er fleire mindreårige sysken som er etterlatne. I vedtak 342 (2007-2008) bad Stortinget Regjeringa i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2008 om å komme tilbake med ein nærare gjennomgang av valdsoffererstatningsordninga (jf. Innst. O. nr. 25).

Til grunn for denne proposisjonen ligg høyringsnotat frå Justisdepartementet 8. april 2005. Høyringsnotatet vart for ein stor del følgd opp i Ot.prp. nr. 10 (2007-2008) og Innst.O. nr. 25 (2007-

2008) der det vart foreslått fleire endringar som betra stillinga til dei valdsutsette, jf. også endringslov 18. desember 2007. Men den øvre beløpsgrensa for valdsoffererstatning vart ikkje oppjustert, då dette ville krevje grundigare undersøkingar av blant anna behov og konsekvensar, noko som ikkje var mogleg ut frå dåverande erfaringsgrunnlag. Dei nødvendige undersøkingane er no gjort, og det er etter departementet si oppfatning grunnlag for å foreslå ei endring i føresegna.

Som det går fram av Regjeringas politiske plattform, Soria Moria-erklæringa, vil Regjeringa betre erstatningsordningane for valds- og kriminalitetsutsette, deriblant dei pårørande. Forslaget i denne proposisjonen vil medverke til at omtrent alle valdsutsette fullt ut kan få dekt sitt økonomiske og ikkje-økonomiske tap som følgje av at dei er blitt utsette for vald.

### **2 Bakgrunnen for forslaget**

---

Valdsbrottsverk har til alle tider vore eit problem for samfunnet, og ikkje minst for dei valden går utover. Den beste hjelpa ein kan gi er støtte, slik at personen sjølv kan komme seg vidare i livet og leggje «offerrolla» bak seg. Enkelte klarar sjølv å integrere erfaringane sine, mens andre slit meir og

treng hjelp frå fellesskapet. Det kan for eksempel vere nødvendig med hjelp til å bøte på fysiske eller psykiske skadar, eller hjelp til å komme seg ut av einsemd og isolasjon. Det er òg viktig med eit inkluderande arbeidsliv med plass til ulike menneskje med ulike erfaringar. Sjølv om samfunnet gjer ein god og stadig betre innsats her, kjem ein ikkje bort frå at enkelte valdsutsette blir påførde større eller mindre økonomisk tap som ikkje blir dekt gjennom trygdeordningar mv.

Eit klart etisk og juridisk utgangspunkt er at den enkelte skadevaldar sjølv skal stå økonomisk til ansvar for handlingane sine overfor skadelidde. Erstatningskravet er likevel svært ofte verdiløst fordi skadevaldaren har dårleg betalingsevne, og ikkje sjeldan vert gjerningsmannen verande ukjend. Det er derfor gode grunnar for at staten gjennom eksisterande erstatningsordning medverkar til å dekkje heile eller delar av tapet.

Frå eit *restorative justice*-perspektiv er valds-handlingar/kriminalitet ei krenking av enkeltpersonar og lokalmiljø (i motsetning til den tradisjonelle strafferettstenkinga der kriminalitet blir sett på som ei krenking av staten og lova). I grunn er dette ein person si krenking av ein annan. Det er derfor òg viktig at utøvaren blir pålagt ansvar for og får høve til å gjere opp for den valdshandlinga som er utført. Å flytte merksemda over frå valdsutøvar til staten kan motverke både ansvarleggjering av utøvar og helingsprosessen til den valdsutsette.

Eit liv let seg aldri erstatte med pengar. Tapt helse og tapt liv vil ikkje kunne reparerast same kor høg erstatning som blir gitt. Valdsoffererstatninga vil likevel kunne medverke til at dei valdsutsette eller deira pårørande ikkje får økonomiske bekymringar i tillegg.

### 3 Nærmare om endringsforslaget

#### 3.1 Gjeldande rett

Valdsoffererstatningsordninga vart innført i 1976 som ei rettferdsyting, og den vart lovfesta i 2001 samstundes med at ofre fekk rett til erstatning. Evalueringa av lova har vist at den fungerer etter intensjonen.

Den øvre grensa for valdsoffererstatninga er regulert av valdsoffererstatningslova § 11 første ledd der det går fram at det for kvart skadetilfelle ikkje skal ytast høgare valdsoffererstatning enn 20 gonger grunnbeløpet i folketrygda. Ved at beløpsgrensa er sett til gjeldande grunnbeløp, vil ein få ei

gradvis heving av øvre grensa for beløpet i takt med at grunnbeløpet aukar.

Omgrepet «kvart skadetilfelle» er tolka slik at dersom offeret dør, er dette å sjå på som eitt skadetilfelle. Dei etterlatne si erstatning må då samla sett liggje innanfor beløpsgrensa.

Grensa på 20 gonger grunnbeløpet i folketrygda er så høg at det store fleirtalet av dei valdsutsette har fått dekt heile erstatningskravet sitt. I dei nesten 7 åra som har gått sidan grensa vart utvida frå 200 000 til 20 G, er det berre 30 av totalt fleire tusen saker som har nådd maksimalbeløpet i lova. I 9 av desse sakene var det fleire etterlatne etter eit valdsoffer som vart drepe. Dei fleste av dei andre sakene var unge menn på rundt 20 år som vart arbeidsuføre. Det var òg eit par meir vaksne valdsutsette med relativt høg inntekt (over 800 000 kroner per år), og i ei sak var vedkommande tilkjent blant anna ca. 3,5 mill. kroner for pleie og tilsyn utover kva det offentlege helsevesenet tilbyr.

#### 3.2 Forslaget i høyringsnotatet

Vi siterer frå høyringsnotat 8. april 2005:

«Valdsoffererstatningsloven § 11 lyder:

'For hvert skadetilfelle ytes det ikke høyere valdsoffererstatning enn 20 ganger grunnbeløpet i folketrygden, jf. folketrygdloven § 1-4. Skadevolder er part i regressaken. Valdsoffererstatning ytes ikke når det tap som ville kunne kreves erstattet av staten er mindre enn kr 1 000.'

(...)

Justiskomiteen har bedt om at utviklingen med den øvre grensen følges, og at det på et senere tidspunkt vurderes om det er nødvendig å ha noen øvre grense.

Avkorting på grunn av den øvre grensen vil blant annet være aktuelt når skadelidte hadde en høy inntekt før skaden og denne ikke er dekket på andre måter. Den øvre grensen vil også ha aktualitet der tapsposten fremtidige utgifter er særlig høy, altså ved meget alvorlige personskader. Høytlønnede vil ha økonomisk mulighet til å tegne forsikring som kan dekke tap som ikke omfattes av valdsoffererstatningsordningen.

Kontoret for valdsoffererstatning og Erstatningsnemda har opplyst at de per 15. desember 2004 ennå ikke har hatt en eneste sak hvor man har nådd den øvre grensen.»

#### 3.3 Høyringsinstansane sitt syn

Desse høyringsinstansane uttalte seg om den øvre grensa:

*Redd Barna* meiner at det ikkje er nokon grunn til å fastsetje ei øvre grense for utbetaling. Dei kan ikkje sjå noka god grunngeving for at det her skal vere eit skilje mellom erstatning utbetalt etter valdsoffererstatningslova og erstatning utbetalt etter alminnelege erstatningsrettslege prinsipp.

Heller ikkje *Landsforeningen for voldsofre* og *Landsforeningen for trafikkskadde* meiner det bør vere ei grense.

Blant anna *Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS)* og *Rådgivingskontora for kriminalitetsoffer (RKK)* stiller i høyringsuttalen sin spørsmål ved om tilkjende erstatningar ligg på eit nivå det er grunn til å vere tilfreds med.

*Juridisk rådgiving for kvinner (JURK)* meiner

«at en øvre grense kan virke som en ubevisst psykisk grense for den enkelte saksbehandler når de fatter vedtak om erstatning. Det kan tenkes at noen ubevisst holder litt igjen på erstatningssummen, med den tanke at 'det kan jo hende verre ting enn dette, som bør erstattes med en enda høyere sum enn saken jeg nå behandler'. JURK påpeker at 20 G ikke er veldig mye sett i forhold til de skader enkelte har blitt påført. Særlig gjelder dette personer som har blitt utsatt for seksuelle overgrep av nærstående gjennom hele barndommen. Ofte har disse fått betydelige psykiske problemer og derfor aldri hatt faktisk mulighet til å ta utdanning og få arbeid med høy lønn, som kunne kvalifisere til høyere erstatning for tap av arbeidsinntekt. Her er det helt umulig å forutsi hvor mye vedkommende ville ha tjent dersom misbruket ikke hadde funnet sted. Vi finner det noe betenkelig at ingen søkere så langt har nådd opp til den øvre grensen, og viser igjen til vår påstand om at grensen på 20 G kanskje virker som en psykisk sperre mot å innvilge høyeste erstatningssum.»

Fleirtalet i *Erstatningsnemnda for valdsoffer*, bestående av Harald Jølle og Marianne Jakobsen, har ingen merknader til føresegna. Mindretalet i nemnda, Carl Gunnar Sandvold, uttaler at når tanken er at ordninga skal sjåast i samanheng med kriminalpolitikken og vere subsidiær i høve til erstatningsretten, der det ikkje er noka grense, kan nivået i dag lett tenkjast å bli for lågt. Dette særleg når det er tale om at fleire skadelidne no kan komme inn under § 1, og pårørande skal få dekt eit større økonomisk tap enn før etter § 7, slik at det kan bli lågare erstatning til dei andre enn det som er ordninga i dag. Det er betre å nytte erstatningsreglane om adekvans mv. enn 20 G som avgrensing. Det er vidare gjort merknad om at når departementet viser til at det hittil ikkje har vore utbetalningar som overstig 20 G synest det ikkje særleg

veileigna som argument for å avgrense eventuelle framtidige utbetalningar.

*Kristoffer Inderberg Bastiansens minnefond* meiner kvar av dei pårørande som er skadelidande etter eit dødsfall bør få erstatning kvar for seg, ikkje samla.

#### 4 Departementet si vurdering

Departementet meiner at det bør vere ei øvre grense for utbetaling av valdsoffererstatning i kvart enkelt skadetilfelle. Ein viser til utgreiinga lenger framme under punkt 2, Bakgrunn for forslaget. Dessutan nemner ein at valdsoffererstatningsordninga kan sjåast på som ei form for indirekte tvungen forsikring gjennom skattesetelen. «Tvungen forsikring» er fornuftig for å dekkje inntekter av ein slik storleik at ein kan ha eit normalt liv med eit normalt forbruk. For det som overstig vanlege inntekter, kan det hevdast at forsikringa bør vere frivillig og skje i privat regi.

Enkelte av høyringsinstansane har foreslått at grensa skal gjelde for kvar enkelt etterlaten, og ikkje slik som i dag, då dødsfallet er sett på som eitt skadetilfelle i forhold til maksimumsgrensa i § 11. Etter departementet sitt syn vil ei slik løysing for eksempel kunne oppfattast lite rettferdig i forhold til barn av sterkt skadde valdsutsette. Også i desse tilfella vil det vere behov for at det inntektstapet mor eller far har hatt no og i framtida blir kompensert slik at barna kan forsyntast på anstendig vis.

Elles legg ein til at det etter departementet sitt syn er viktig at ein òg på andre måtar hjelper desse barna. Blant anna er det viktig at dei blir sikra gode omsorgspersonar for framtida.

Departementet har òg vurdert om det bør fastsetjast differensierte beløpsgrenser, slik som ein har i blant anna Danmark, Sverige og Finland. Dette ville kunne avskjere erstatning for svært høge inntekter, samtidig som ein ville ha fått dekt andre typar tap/utgifter. Men etter departementet si vurdering vil ei slik ordning medverke til å komplisere erstatningsutmålinga unødig, samtidig som ein heller ikkje med ei meir nyansert utmåling vil kunne unngå vanskelege grensetilfelle i dei mest omfattande og kompliserte sakene.

Departementet har komme til at dei beste grunnane talar for å ha ei fast øvre grense, men at denne bør aukast kraftig i forhold til gjeldande grense. Departementet foreslår at øvre grense for valdsoffererstatninga blir dobla til 40 gonger grunnbeløpet i folketrygda. Dermed blir det gjort eit kraftig løft for dei valdsutsette.

## 5 Ikrafttreding

---

I høyringsnotatet 8. april 2005 skreiv Justisdepartementet blant anna: «endringene foreslås bare å komme til anvendelse i tilfelle der det søkes om valdsoffererstatning på grunn av straffbare handlinger e. l. som har funnet sted etter lovens ikrafttredelse.»

Dei fleste høyringsinstansane sluttar seg til forslaget, mens *Landsforeninga for valdsoffer* og *Kristoffer Bastiansens minnefond* går inn for at lova skal givast tilbakeverkande kraft.

Departementet viser til at utgangspunktet i norsk rett er at skjeringstidspunktet blir sett til når lova trer i kraft. Departementet kan ikkje sjå at det er komme fram moment som tilseier ei anna løysing i dette tilfellet.

## 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Lovforslaget er venta å medføre auka erstatningsutbetalingar. Basert på ein grundig gjennomgang av dei sakene som hittil har nådd øvre beløps-

grense i lova, kan det ventast ein årleg auka i erstatningsutbetalingane på ca. 8 mill. kroner dersom den øvre beløpsgrensa blir sett til 40 gonger grunnbeløpet. Men det er noko uvisse knytt til overslaga, og utgiftene vil kunne variere mykje frå år til år.

Heving av beløpsgrensa vil medføre at styresmaktene for valdsoffererstatninga må gjennomføre nøyaktige utrekningar i nokre fleire saker, dvs. i dei sakene som utvilsamt når grensa på 20 gonger grunnbeløpet, men der det er usikkert om dei når grensa på 40 gonger grunnbeløpet. Dei administrative konsekvensane vil likevel vere så små at det ikkje vil vere nødvendig å tilføre styresmaktene for valdsoffererstatninga ekstra administrative ressursar.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov om erstatning frå staten for personskade valda ved straffbar handling m.m. (valdsoffererstatningslova).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i lov om erstatning frå staten for personskade valda ved straffbar handling m.m. (valdsoffererstatningslova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**  
**til lov om endringer i lov om erstatning frå staten for**  
**personskade valda ved straffbar handling m.m.**  
**(valdsoffererstatningslova)**

I

Lov 20. april 2001 om erstatning frå staten for personskade valda ved straffbar handling m.m. (valdsoffererstatningslova) § 11 første ledd skal lyde:

For hvert enkelt skadetilfelle ytes det ikke høyere valdsoffererstatning enn 40 ganger grunnbeløpet i folketrygden, jf. folketrygdloven § 1-4.

II

Lova trer i kraft frå den tida Kongen bestemmer.

III

Endringa gjeld for dei tilfelle der det blir søkt om valdsoffererstatning på grunn av straffbare handlingar e.l. som har funnet stad etter at lova trådde i kraft.







